

MILJØRETТА HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

KOPI

Radøy kommune

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/3862 - 16/23290

Saksbehandlar:

Grethe Elin Mjelde

grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:

30.08.2016

BØ BARNEHAGE - TILSYNSRAPPORT ETTER FORSKRIFT OM MILJØRETТА HELSEVERN I BARNEHAGAR OG SKULAR M.V.

Den 30.8.16 gjennomførte Miljøretta helsevern ved teknisk-hygienisk ingeniør Grethe Elin Mjelde eit tilsyn etter "Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v." i Bø barnehage.

Internkontrollsystemet, inneareal og uteareal vart inspisert.

Styrrar Gro Håland møtte for verksemda.

Rapporten omhandlar merknadar som vart avdekkja.

➤ **Heimel**

Det følgjer av § 9 i lov om folkehelsearbeid at kommunen skal føre tilsyn med dei faktorar og forhold i miljøet som til einkvar tid direkte eller indirekte kan ha innverknad på helse.

Vidare grunnlag for tilsynet er forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v. samt helsedirektoratets rettleiar til forskrifta "Miljø og helse i barnehagen" (IS-2072).

Definisjonar:

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsatt i lov eller forskrift med heimel i lov.

Merknad: Forhold som tilsynsmyndigheita meiner det er nødvendig å påpeike, men som ikkje omfattas av definisjonen for avvik.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 57 70
Telefaks +47 56 37 50 01

➤ Tilsyn

Bø barnehage er ei kommunal barnehage som er godkjent for 93 barn over 3 år. Netto leike- og opphaldsarealet er på ca. 374 m². Bø barnehage har pr. d.d. 57 barn, der 28 barn er over 3 år og 29 barn under 3 år.

Bø barnehage har etablert internkontrollsystem for miljøretta helsevern.

Det vart ved tilsynet avdekka 0 avvik og 3 merknadar.

- **Merknad 1: Vedlikehaldsplan**

§§ 7 og 13; Generelle krav og Reinhald og vedlikehald

Fylgjande observasjon ligg til grunn for merkningen:
Styrar kjente ikkje til vedlikehaldsplanen for Bø barnehage.

Kommentar:

Teknisk etat har utarbeidd ei enkel vedlikehaldsplan for barnehagen. Det er få opplysningar om planlagt vedlikehald. Underteikna fekk denne på e-post 19.5.16.

Det er vedteke at det skal byggast ny barnehage. Vedlikehald av eksisterande barnehage må utførast og tilpassas behovet inntil ny barnehage står ferdig. Styrar må bli orientert om vedlikehaldsplanar.

- **Merknad 2: Inneklima/luftkvalitet**

§ 19; Inneklima og luftkvalitet

Fylgjande observasjon ligg til grunn for merkningen:
Det var dårleg luft (innestengt luft) på avd. Revehiet og Bjørnehiet.

Kommentar:

Styrar kontakta vaktmeister, som var klar over problemet. Vaktmeister venter på pris for reoperasjon. Styrer burde vore informert om at ventilasjon ikkje fungerte. Lufting med vindauge må utførast i påvente av reoperasjon av ventilasjonsanlegg.

- **Merknad 3: Manglar støydempende underlag under huske**

§ 14; Sikkerhet og helsemessig beredskap

Fylgjande observasjon ligg til grunn for merkningen:
Det manglar fallunderlag under huske for dei minste barna.

Kommentar:

Det vart fortalt at det var rapportert om dette til vedlikehaldsansvarleg. Styrar visste ikkje når fallunderlag ville vere på plass. Betre kommunikasjon mellom styrar og teknisk/eigedom bør opprettas. Barnehagen bør ha rutinar for bruk av leikeplassutstyr som ikkje har tilfredsstillande fallunderlag eller på annan måte ikkje tilfredsstillar krava til tryggleik.

➤ Tilbakemelding på tilsynsrapporten

Dersom det er behov for å komme med tilleggsopplysningar, eller at rapporten skulle vere ukorrekt på enkeltpunkt ber vi om tilbakemelding innan 14 dagar frå mottaksdato.

Frist for tilbakemelding

Det er i rapporten beskrevet 0 avvik og 3 merknadar.

Miljøretta helsevern ønskjer skriftleg tilbakemelding når merknader er retta opp.

Frist er satt til **1.10.16**.

Med helsing

Grethe Fosse
kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde
teknisk-hygienisk ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Link til forskrift og rettleiing:

<http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1995-12-01-928>

<http://helsedirektoratet.no/publikasjoner/miljo-og-helse-i-barnehagen/Sider/default.aspx>

Kopi til:

Einar Færø
Helge Vallestad
Jarle Landås
Radøy kommune
Tonje Epland